



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Vår dato:

13.10.2022

Vår ref:

2020/18348

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Svein Kornerud, 5557 2027

## Mekling - reguleringsplan Ytre Eidsnes - Alver kommune

Det var mekling for reguleringsplan Ytre Eidsnes i Alver kommune digitalt på teams mellom Alver kommune og Statsforvaltaren i Vestland den 30. september 2022. Følgjande deltok:

### Alver kommune:

Malin Andvik, leiar utval for areal og miljø,  
Siri Therese Sylta, tenesteleiar arealforvaltning,  
Are Frøysland, avdelingsleiar plan og byggesak,  
Ole Martin Bolset, sakshandsamar.

### Statsforvaltaren i Vestland:

Nils Erling Yndesdal, kommunaldirektør og meklar,  
Hege Brekke Hellesøe, seniorrådgjevar,  
Svein Kornerud, sekretær.

Partane la først fram sine syn. Alver kommune viste til at kommunen ønskjer fleire bustader på staden. Kommunen sa seg samd i at ein skal fortette bustadutbygginga, men at ein også vil ha mindre bustadfelt utanfor sentra eller dei sentrale områda. Dette er eit område der kommunen meiner det ligg til rette for fleire bustader.

Statsforvaltaren viste til dei omsyna som ligg bak motsegna. I dette tilfellet er det først gitt dispensasjon til nokre bustader, deretter er det utvida med reguleringsplan. Statsforvaltaren presiserte at det er ikkje slik kommunen skal legge til rette for bustadbygging. Eit av dei mest overordna omsyna i saka er at kommunane skal konsentrere ny bustadbygging til eksisterande sentrumstruktur. Kommunen må legge det prinsippet til grunn både i arbeidet med kommuneplanen og for vidare bustadbygging. Ein vil likevel prøve å komme til semje i denne konkrete saka.

Partane vart samde i å redusere talet på bustader i felt BFS1 frå tre til to og å redusere planområdet tilsvarande. Ein tok ikkje endeleg stilling til kor og korleis desse to bustadtomtene skal vere, men diskuterte omsyn som må bli ivaretatt. Det må takast omsyn til landbruksinteressene i området, både for denne landbrukseigedommen og for eigedommene i nærleiken. Landbrukseigedommane



og grøntarealet rundt utbygginga må vere mest mogleg samanhengande. Ein må unngå at det står att mindre ubygde område som restområde. Det er bratt terreng, og bustadene må bli lagt slik at ein unngår store terrenginngrep. Det skal vere leikeplass i dette feltet, uansett kor mange bustader det blir. Ein må sjå nærmere på plasseringa av leikeplassen.

Meklinga blir med dette ikkje avslutta. For å komme vidare i meklinga må det utarbeidast ny eller revidert reguleringsplan der ein tar omsyn til det som er nemnd her. Kommunen legg fram nytt forslag for Statsforvaltaren til vurdering. På dette grunnlaget vil partane halde fram med meklinga med målsetting om eit endeleg planforslag.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

Svein Kornerud  
fagdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN